

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Stören

Emne: Död og begravelse

Bygdelag: Haukdal

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal

(adresse): Snöan st.

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter samtale med fleire.

SVAR

Dödsvarsel.

1. Av dödsvarsel har det vore mange her i grenda. Somme av dei har halde seg og ein legg ans på dei den dag i dag. Såg ein at det låg to halmstrå eller to pinnar i kors framfor fötene så var det eit sikkert daudevvarsel. La katta seg og strekte seg på langs av eit golvbord så varsla ho död. La eit barn eit kvitt klæde for augo tydde det död. Når ein gjekk i stovedöra og ho tok akohælen og sette han fast da var det eit sikkert varsel om död. Klødde ein på haka så tydde det "en skjegget döing" Höyrde ein klokkeom for öyro så varsla det også at ein snart ville få höyra om ein döding. Lukta kunne også varsla död. Kjende ein däm av einerbar og kransar så var det eit sikkert varsel. Denne trua er frå seinare år etter at det vart vanleg å bruka kransar av bar og preparera lauv og papirblomar. Det er da serleg den serprega dâmen frå desse som minner seg.

Dyr som varsel for död.

Kattugla er nåfuglen framom nokon annan. Var ho sers nærsöken til ein gard eller eit hus så var det eit dårleg varsel for folket som bodde i huset. Det ville snart koma sjukdom og död på gjesting.

Reven var også av dei dyra som varsla död. Ein tok det for eit ringt varsel om reven tok til sökja innåt husa Han før ikkje med berre godt den karen.

Likhesten varsla også död ved åtferda si etter han var spent for vogna eller sleden. Snudde han hovudet og såg seg attende med det same dei skulle köyra frå garden så venta han snart fleire etter. I regel ville det da bli ein döding til i same huset innan året var omme.

2. Ein veit ikkje döne på at ein kunne få varsel ved serlege höve utom dette med likhesten og i julehelga. Julekvelden ville den som var feig i huset kunne syna seg utan hovud ved julebordet. Dette veit ein döne på frå preste-garden i Stören.

3. Dette er einaste ~~mått~~ tida ein sikkert kan seia ein kunne få vita kven som skulle döy i det komande året. Den som sat hovudlaus ved julekveldsbordet ville döy, og så kunne dei leggja skjorta til kvar person i huslyden på låvegolvvet julenatta. Var skjorta eller serken til nokon bretta i hop så var det feigdarvarsel. Det er frå prestegarden at denne trua også stammar. Men trua var nok ikkje så sterk. Ein har höyrd gjete at det vart lagt ut underklede på låven der rundt 1880. Ei av tenestgjentene lurte seg bort på låven og bretta skjorta til ein av tenestgutane, men han berga no året ut lell og levde til han vart ein gammal mann gift med gjenta som hadde drive ap med skjorta hans og gammal ~~trua~~ tru.

I den tida det var vanleg å leggja halm på stovegolvvet julekvelden passa dei på å leita under romet til kvar ein-schild ved julekveldsbordet. Fann dei korn der juledagsmorgonen ville ikkje personen leva det nye året ut.

4. Her fans nok folk som hadde serlege evner til å sjå og forutseia död. Her i grenda var det ingen, men i grannelaget nærare fastsett Estenstad i Soknedal var det ein mann som kunne forutseia död. Han kunne fortelja kven det var som skulle döy, men han sa det aldri för etter döden var komen. Det var daudmannsljös som han såg. Han kunne seia når han höyrde dödsbodet: "Ja e ha vesst det vons lenger, e såv dödmannsljöset hass (hanna) for fler dåvvå sea". Han såg desse varsel för han visste at personen som döyde var sjuk.

5. Heilagmaus og feigdalus er ikkje kjend, men ein veit at lusa römde ein person som var död. Siste staden lusa sökte til var i haldgropa. Der kunne dei sjå ein heil haug med ~~lus~~ lus som klumpa seg saman.

6. Andre varsel kunne vera at dei såg ein person koma gåande mellom husa eller etter vegen utan at det verkeleg var personen som kom.

Dödslegjet.

7. Dei sjuke skulle helst liggja i si eiga seng.

8-9. Ikkje kjend her.

10. Det vart send bod etter presten når det vart synbart at den sjuke ikkje ville koma opp att meir.

11. Presten kom da i huset, fekk kaffi og stell og gjekk så inn i romet til den sjuke. Han gjekk så gjennom det vanlege for nattverd. Song ei salme og tala med den sjuke. Presten hadde kjole og krage på i eldre tid, men i seinare år brukar han berre dress. Etter å ha tala med sjuke fekk han eller ho vin og bröd.

12. Når dei skjöna at det snart var slutt sende dei bod etter næraste slekta. Dei kom da og takka for samvær og alt godt.

13. Det var ofte slik at den döyande sjöl fastsette ymseting om gravferda og ordninga etterpå. Det er fortald om ein mann i ein annan lut av bygda. Han bad sönesönene sine hogga gravölsveden. Dei var berre gutungane og han lova dei pengar for arbeidet. Gutane var som gutar flest - dei ville ha arbeidet fort unna. Og kom inn med melding om at no var gravölsveden ferdig. Bestefaren reiste seg i senga og såg ut gjennom glaset. "Å nei, det der bi rett ittnå. Det ska vårrå et retteleg gravöl. Det æ ingen husmannskrok som ska fårrå."

Tida mellom dödsfallet og gravferda.

14. Her brukar ein ~~KENNINGANE~~ nemningane: somna, flytta og slokna for å döy.

15. Vissa for at döden var komen kunne ein få ved å halda ein spegel framfor munnen til den döde.

16. Her har ikkje vore nokon skinndöde eller forteljing om slike.

17. Det vart lagt ein mynt på augnekvarmen etter at auga var blunda.

18. Salmeboka vart lagt under haka.

19. Næraste grannen vart varsla så snart döden var komen.

20. Det var nokon av dei eldste i huset som gjekk og varsla. Bearen var ein eldre mann frå ein av plassane i gren-
da.

21. Ein veit ikkje döme på at husdyr skulle varslast om dödsfallet.

22. Så snart döden var komen drog dei gardiner eller hengde andre ting for glasa. Klokka i romet vart stansa. Det skulle ikkje vera noko som skipla stilla.

23. Den avlidna vart liggjande i senga 24 timar etter at döden kom.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

- 4
24. Liket vart lagt i kista rett frå senga.
 25. Det vart aldri lagt på halm.
 26. Når det blir tala om å liggja på likstrå tenkjer ein no på liket som ligg i kista. Frå gammalt var det om den døde med han eller ho enda låg i senga si. Det var som oftast halm i senga, og det er tanken på denne halmen som ~~har~~ har gjeve nemninga likstrå.
 27. Senghalmen vart brent så snart liket var lagt i kista.
 28. Gangklede som den døde hadde bruka vart ikkje brende dersom det ikkje hadde vore smittsam sjukdom.
 29. Nei.
 30. Liket vart stelt 24 timar etter at døden var komen.
 31. Frå gammalt var det to eldre grannekoner som stelte dei døde.
 32. Noko serskild klededrakt hadde dei ikkje på. Det var vanlege kvardagsklede dei bruka.
 33. På kvinner vart håret fletta.
 34. Menn vart barbert dersom dei var alt for skjeggete.
 35. Neglene vart stelt.
 36. Den døde vart alltid vaska. Kroppen vart vist den siste æra.
 37. Bruk av likvatnet som medisin er ikkje kjend her.

~~38~~

Likklær.

38. Når dei kledde eit lik blir det kalla "å svepa" eller "å svep"
39. Kleda blir kalla for "svepen"
40. Liklaken er kjend. Det var ca. 1,5 meter breidt og ca. 2 meter langt. Det vart lagt over hövelsponen i kista og den døde vart lagt nedi. Så vart lakenet bretta over slik at andlet og hender var frie.
41. Brudelaken har ikkje vore vanleg bruka til liklaken.
42. Over og underklede har ikkje vore vanleg på lik. Det har vore ein einfeltdt lerfetserk eller skjorte.
43. Budgomsskjorte og brudelin har vore bruka som likskjorte i somme høve. Mange hadde også likskjorta liggjande ferdig.
44. Likklede var alltid av lin i gammal tid. I seinare år kom lerret i bruk.
45. Fötene skulle ikkje vera synlege. Det var vanleg å ha strömper på og lakenet göymde fötene.
46. Det skulle vera strömper på, men ikkje sko.
47. Hodeplagg var ikkje vanleg, men det vart bruka ein

13208

48. Nokon skilnad på likklæda veit ein ikkje døme på for unge eller eldre.
49. Ingen serskilde klær for døde barselkoner.
50. Det kunne vera blonder på lakenet og på armane på svöp+ en.
51. Kjøpte likklær vart vanlege da dei tok til å kjøpa ferdige kister. Det var da svöp med i kistene.
52. Klæda i dag er vanlegvis av papir.
53. Kjøpte likklede blir kalla for svöp eller svep.
54. Det har vore den trua at vorter kan lækjast ved å stryka dei på lik. Dei vil bli brume i toppen og til sist vil dei detta av.
- 55.- 56. Ikkje kjend her.
57. Ein kjenner ikkje til mynten som hadde lege over auga skulle få lækjemakt.
58. I gammal tid stod alltid kistene ferdige til sjölvfolka på gardane. Dei kalla desse kistene for " sest senga mi."
59. Kistene ble sette i hop med spiker.
60. Det var stropper av taug til å bera kista etter. Dei var laga av taug overtrekt med svart ty.
61. Kistene vart laga av ein vanleg bygdasnekkar.
62. Kistene var alltid svartmala. Denne malinga vart laga av kjönrök. Kjönröken fekk dei kjøpt i byen.
63. Kvitmala kister kom i bruk frå kring 1915.
64. Ein veit ikkje døme på at det har vore noko hol i kistelokket.
65. Underlaget i kistene var alltid hövelspon.
66. Puta vart laga av lin i eldre tid - seinare av lerret - og fylt med hövelspon.
67. Kistene blir no alltid kjøpt ferdige og fargen er kvit.
68. I kristen tid veit ein ikkje døme på at noko serleg vart lagt ned i kista til den døde. Laustenner fekk dei nok med seg. Somme fekk også med seg ringen sin. Det er i det heile ikkje kjend at det vart lagt andre ting i kista enn laustenner og så gifteringen.
69. Ikkje kjend her at barselkoner skulle få barnety med i kista.
70. Nokon serskild pynt på dei gamle kistene var ikkje vanleg her.
71. Her har ein ikkje bruka å strö linfrö rundt kista. Men det var vanleg å leggja godt med einebar på golvet og to vassbötter vart sette ved sida.

72. Ein veit ikkje av at det har vore lagt planter på lik for å halda insekt borte.
73. I gammal tid vart det sagt "Kvil i fred" over liket. Når dette vart sagt ville den døde få fred i grava. I den tida dei hadde kistene ståande ferdige i mange år var det einiskilde som kunne liggja i kista si med dei kvilde mid- dag. Dei trudde da at dei skulle få god kvila i grava.
74. Slekt og vener var til stades når liket vart lagt i kista. Dei song ein song før dei bar liket ut.
75. Dei fekk kaffe etterpå, men dans og fest har aldri vore vanleg her. Det skulle vera ro over tunet.
76. Kista vart sett enten i buret eller på låven.
77. I romet der kista stod vart det ströydd einerbar på golvet.
78. Same kvar kista stod vart det ströydd einerbar på golvet.
79. Barsal eller barhytte har ikkje vore bruka her.
80. Ikkje korkje vinter eller sommar har desse vore bruka.
81. Mellom döra frå stova og fram til döra i låve eller bur vart det ströydd bar.
82. Kista vart alltid sett slik at den døde låg med fötene x mot döra.
83. Det vart lagt ein duk over andletet - sveittduken som han vart kalla. Lokket vart ikkje lagt på før gravöls- dagen da ingen ville sjå dem døde meir.
84. Denne duken var ca 30 cm. i kvar kant. Han var av lin eller seinare av lerret.
85. Han vart kalla "sveittduken"
86. Grannar og vener kom og ville sjå den døde i kista. Dei ville taka avskil på denne måten.
87. Det er ikkje gravkapell i bygda.
88. Da det ikkje er gravkapell har dei gamle skikkane stort sett halde seg.

Sörg.

89. Med liket stod på garden måtte det vera ro over tunet.
90. Ein måtte vera sers var så det ikkje vart for mykje bråk både med stell og arbeid..
- 91-92. Sörgetid er ikkje kjend, men det har vore rekna for lite sömeleg for ein enkjemann eller ei enkje å gifta seg att før det minst var gått eit år etter gravferda til maken.
93. Serskild sörgedrakt har ikkje vore kjend, men ein måtte alltid vera mörkkledd i gravöl. Karane bruka gjerne svart eller blå vadmelsdress. Kvinnene hadde svart silke- kjole.

94. Enkja hadde ikkje anna sorgedrakt enn det som var vanleg for kvinnene. Det var den svarte silkekjolen.
95. Ein kjenner ikkje noko ordtak eller overleving med åtvaring mot for mykje sorg og gråt. ^{gjera)}
96. Ein har ikkje høyr at ein kan ^{gjera)} död til liv gjennom gråt og klage.
97. Ein kjenner ingen gamle råder til å lindra sorga over ein avliden.

~~98~~

Syngja ut liket.

98. Gravferda var gjerne fredag eller laurdag.
99. Nemninga gravöl er det vanlege ordet for gravferd her.
100. Nemninga å syngja ut liket er ikkje den mest vanlege her. Til vanleg blir det sagt å takka ut liket. Det blir gjort inne i stova dersom det er rom nok. Elles blir kista gjerne set inn i gangen.
101. Lokket vart ikkje tatt av kista.
102. I gammal tid hadde dei gjerne eit åklæ på kista. Det var eit serskild åklæ som var vevd til dette föremålet. I åklæet var det eit kors og det göymde heile kista. Fargane var raudt og svart.
103. Det var plassert to ljøs på kista. Eit stod ved hovudet og det andre ved fotenden.
104. Det vart bruka to ljøs på kista.
105. Med kista vart boren ut gjekk ei kvinne etter med ljosestakane. Ljosa skulle brenna.
106. Kvinna gjekk etter kista med ljosa.
107. Ljosa vart borne fram til köyretyet der kista vart sett ned.
108. Stakane med ljosa vart tekne inn i stova etter at ljosa vart släkte ved köyretyet.
109. Ein veit ikkje av at det vart hrend ljøs heile natta för gravferda.
110. Vakenatt er ikkje kjend her i grenda. Det kan nok ha vore, men det må i tilfelle vera så langt attende att ingen nolevand~~er~~ har höyrd gjete det.
- 111.-112. Ukjend her. Inga vakenatt - inga gråtekone.
113. Salmane som vart bruka ved gravöl vart ikkje sungne på nokon sermåte
114. No er det vanlegvis presten som held talen ved bára.
115. Denne skikken kom for alvor her rundt 1930.
116. För den tida var det vanlegvis læraren i krinsen som takka ut liket - eller også ein vanleg bygdamann - ein lesar som han vart kalla i daglegtale.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

- 8
117. Velfarsskål vart drukken her i gammal tid. Det var brennevin som vart bruka til dette heilt til kring 1890, seinare vart det vanleg med sötvin. Det tok nok tid innan ~~folk~~ gamle folk fann seg i dette. Det vart kalla for "sötskvip". No er det berre slik vin som blir bruka, men tradisjonen med velfarsskål er glöymt. Gravölsfolket får vinen med det same dei kjem til huset om morgonen för gravferda.
118. Frå gammalt fekk dei först sterkt maltöl som vart bore rundt i store skåler. Etterpå kom brennevinet.
119. Var det ein eldre person som var avliden vart kista bore ut av seks eldre menn. Var det ein ugift skülle også berarane vera ugifte. Gammalt skulle bera gammalt og ungt skulle bera ungt.
120. Som regel var det ingen av dei næraste som bar, men det kunne vera at ein gammal far hadde bede sönene vera med å bera han siste gongen. Beringa var også ei siste æra for den avlidne.
121. Tradisjonane held seg som för.
122. Kista vart boren ut med fotenden först.
123. 124. Å setja ned kista på dörterskelen er ukjend her. Likdöra er heller ikkje kjend her i grenda.
125. Det vart ströydd bar på vegen frå låven eller buret og fram til stovedöra.
126. Kista vart ikkje sett ned på tunet.
127. 128. Berrarane fekk ikkje skjenk. Kvinner var ikkje med berre eit stykke på vegen.
129. Så mange som råd fulgte med til kyrkjegarden.
130. Kvinner har alltid vore med til kyrkjegarden her i ~~grenda~~ grenda.
131. Di större fölgje den döde har med seg på siste ferda di större ære.
132. Her har ikkje vore vanleg med æresport på vegen, men ved stova i heimen var det sett ned to grantre og over döra var det bunde ein lang krans av granbar med papirros-er i.
133. Gardar ved kyrkjevegen brukar ikkje å pynta ved vegen. Det har aldri vore gjort her i grenda.
134. Det er no vanleg å heisa flagg på gardane langs kyrkjevegen. Å heisa flagget på halv stong kom i bruk her frå ca. 1920.
135. Slektningar, vener, grannar og gardar langs kyrkjevegen heisar flagg på halv stong.
136. Flagget vart på halv stong heile dagen.

137. Flaggene gjekk aldri til tops på gravferdsdagen.
138. Ein har alltid flagga på halv stöng heile dagen.
139. Det har ikkje vore stansa med song for kvar gard gravferda for framom.
140. Ingen serskild seremoni på garden når folket kom att frå kyrkja.
141. Ukjend her.
142. Ukjend her.
143. Ukjend her.
144. Ein sette aldri kista ned på marka. Her er det så lang veg til kyrkja at ein alltid har bruka hest og i ~~seinare~~ seinare år bilar til gravferd.
145. På sleden, vogna eller bilen er det alltid lagt eit lag granbar.
146. Hesten skulle vera mørk. Det vart difor mest svarte hestar som vart bruka.
147. Ein veit ikkje döme på at ein ikkje måtte bruka hest som var med föll.
148. På kyrkjevegen måtte ein köyra i roleg gonge.
149. På heimvegen vart det köyrd fortare.
150. Likvogna vart köyrd av ein eldre granne.
151. Köyraren gjekk alltid ved sida av vogna.
152. Ingen sat på kista.
153. Ikkje kjend her da det alltid har vore bra vegsamband.
154. Dei etterlevande hadde ikkje noko teikn for lagnaden til den avlidne.
155. Kvinner som dödde i barselseng meinte dei at alltid vart salige. Menn som fall i krig vart også salige. Det har også vore sagt at folk som drukna eller omkom på sjöen gjekk salige bort.
- På kyrkjegarden.
156. Det var berarane som tok kista av vogna. Kista stod på vogna til prest og klokkar kom frå kyrkja.
157. 158. Ikkje kjend her.
159. Berarane bar kista inn på kyrkjegarden.
160. Det vart ikkje gjort anna med likhesten enn med dei andre hestane. Alle vart sette inn på kyrkjestallen.
161. Presten og klokkaren mötte opp ved inngangen til kyrkjegarden.
162. Kista vart ikkje bore rundt kyrkja, men stuttaste vegen fram til grava.
163. Kista vart ikkje bore inn i kyrkja.
164. Presten og klokkaren song med kista vart boren til grava.

165. Kista vart ikkje bore rundt grava.

166. Det vart ikkje ringt når det var jamna over grava.

Grava.

167. Bygda har hatt fast gravar så langt attende ein veit gjete.

168. Gravaren blir kalla gravar eller grevar.

169. Har hatt fast gravar i lange tider. Frå andre bygder er det fortald at i gammal tid grov dei som fylgde med til kyrkja grava same dagen.

170. I dei tider ein veit korleis ordninga har vore var det gravaren som grov grava att.

171. Det har aldri vore vanleg at mennene kasta jord på kista etter jordfestinga.

172. Ein meinte at når presten hadde kasta jord på kista og sagt fram dei vanlege orda da var den döde sikra oppstoda av grava. Det var ein lovnad som vart stadfest og ei von for ævelig liv, og for attersyn med den avlidne.

173. Her var det jordfesting same dagen.

174. Gravene vart ikkje stelt med blommar eller plantingar i eldre tid. Det vart set eit malmkors med namnet og med födeåret og året for avferda.

175. No blir det planta stauder og små prydbusker på gravene. Til jul blir det satt juletre og kransar av reinmose på gravene.

Serlege tilfelle.

176. Ein sjölmordar fekk ikkje same stellet som andre döde.

177. Kista vart boren gjennom kyrkjegardsleet. Dei vart lagt ned i eit hjørne av kyrkjegarden.

178. Om köyredoninga er det ingen tradisjonar.

179. Det er sagt at sjölmordarar fekk liggja i eit hjørne av kyrkjegarden, men det er også sagt at dei berre fekk halv kyrkj kyrkjegard. Berre fötene fekk koma innom muren.

180. 181. Udöpte, for tidleg födte og dödfödte born vart lagt i kista til vaksne som döydde på same tid som barnet.

Grävöl.

182. Her i grenda har ein alltid bruka det norske ordet gravöl for gravferd.

183. Det var ein eldre husmann i grenda som bruka beda til gravöls.

184. Det var same bölaget både ved gravöl og andre gjestebod.

185. Bearen var kledd i vanlege helgaklede.

186. 187. Bearen bar fram bodet i vanlege ordelag. Han opptrjedde som den han var.

188. Bearen skulle ha kaffe og mat.

189. Bearbrev er ikkje kjend.

190. Gravölet vara i 3 dagar.

191. Det var fire måltider. Med fyrryåbiten vart det fem, men det var ikkje rekna som måltid.

192.193. Ein veit ikkje noko slag mat som ein ikkje måtte bruka ved gravöl. Og det var ingen skilnad på maten om den döde var gift eller ugift.

194. Dei næraste var med i stellet til gravölet, men dei hadde også leigde hjelparar.

195. På gravferdsdagen stod alt arbeid i grenda. Sjölv om det var midt i slåtthna vart arbeidet ståande.

196. Gjestane hadde ikkje sendingane med seg. Beningskufferten kom kvelden för gravferda. Det var dei som var bedne til gravöls som kom med bening. Dei som var bedne til fölgje kom med beningskörgja gravölsdagsmorgonen.

197. Dei som var bedne til gravöls kom kvelden för gravölet. Dei var da kledde i gravölsklednaden.

198. Det var full traktering om kvelden som vart kalla beningskvelden.

199. Sendinga var ikkje pynta på nokon sermåte.

200. Det var to slag sendingar. Bening var nemninga for heil bening som vart lagt i beningskofferten. Det var dei som var bedne til gravöls som hadde beningskoffert.

Fölgjingsbeningen var ikkje så stor. Denne sendinga var lagt i beningskörgja og var ikkje så stor. Kvar grend har hatt sin faste tradisjon om kva som skulle vera i dei ymse former for bening. Saman med svaret på emne nr. 39 var det lagt ved ei liste over kva dei ymse formane for bening skulle innehalda.

201. Det er no ofte slik at det blir bede utan kostnad. Da kjem dei berre med kake og krans. Gravölet er da berre ein dag.

202. Alkohol er ikkje i bruk meir i gravöl. Ölet er mest vörteröl.

203. Gammal tradisjon har halde seg lenger ved gravöl enn ved andre gjestebod.

204. Sendinga vart ikkje avlöyst med å senda krans. Kransen kom i tillegg til beningen.

205. Kransane vart vanlege her rundt 1900.

206. Kransane har vore laga av faste kransebindarar. Dei har vore laga av bar og papirblomar og av levande blomar.

207. Å bruka sløyfe på kransane har vore vanleg så lenge kransar har vore bruka ved gravöl. Det har vore silke eller papir i slöyfene.

12
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

208. Kransane blir lagt på kista i heimen. Dei fleste blir lagt på i buret eller på låven. Noen får frå næraste slekta eller frå lag blir lagt på med minneord av presten eller av ein annan.

209. Dei fleste kransane blir gravne ned saman med kista, men om det er ein sølvkrans blir han tatt med og lagt i heimen. Noen av dei kransane som næraste slekta har skaffa blir ofte tekne av kista og lagt på grava.

210. I dei vanlege gravöl blir kosten mest mogleg etter gammal tradisjon, men alkohol har ein ikkje.

211. Somme held gravölet på hotell eller på kafear. Det er serleg slike som har lite hjelp og trongt om romet.

212. Å avertera dødsfall i avisene vart vanleg frå omkring år 1900.

Jens Haukdal.